



Fylkesmannen i
Hordaland

Samordna strategisk beredskapsplan for atomberedskapsaktørane i Hordaland ved anløp av reaktor drivne fartøy til Haakonsvern orlogsstasjon

Versjon 2.0



Innhald

Innleiing	3
Del 1 – Beredskap for uønskt hending med reaktordrive fartøy	4
Del 2 – Varslingsrutinar	7
Rutine 1: Varsel om anløp av reaktordrive fartøy (nivå 1)	8
Rutine 2: Varsel om uønskt hending med reaktordrive fartøy (nivå 2)	8
Rutine 3: Varsel om uønskt hending med fare for radioaktivt utslepp (nivå 3).....	9
Rutine 4: Varsel om påvist utslepp av radioaktivt materiale (nivå 4)	10
Del 3 – Førehandsdefinerte tiltak	11
Plikt til å følge førehandsdefinerte tiltaka og samordna planverk.....	12
Del 4 – Rapportering og informasjonsdeling mellom beredskapsaktørane	14
Del 5 – Varsling og informasjon til befolkning og media	14
Del 6 – Oversyn over vedlegg.....	15

Versjon	Dato	Endringar	Ansvarleg
1.0	15.10.2015	Arbeidsutkast til Øving Hordaland 2015	FMHO
2.0	06.01.2017	Endeleg plan	FMHO

Innleiing

Av dei seks scenaria som Statens strålevern (NRPA) legg til grunn for atomberedskapen i Noreg, er eit stort luftbore utslepp frå anlegg eller anna verksemd i Noreg det som vil ha størst umiddelbare lokale og regionale konsekvensar og gje minst tid til førebuing. Ei alvorleg hending med eit reaktordrive fartøy er eit slikt døme. Kan vi handtere dette, vil vi òg vere godt rusta til å handtere dei andre atomscenarioa.

Atomberedskapsorganiseringa i Noreg har eit særpreg ved at det raskt vert etablert ei sentral handtering på direktoratsnivå¹ gjennom Kriseutvalet for atomberedskap (KU). KU er sett saman av sentrale myndigheiter og fattar avgjerder, gjev råd og informasjon til publikum. KU koordinerer handteringa når det er etablert, men sektoransvaret gjeld like fullt i samsvar med dei generelle beredskapsprinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke. Ansvar for å handtere ei slik hending kviler difor på ei rekkje aktørar på fleire nivå.

Viktige føresetnadar for god beredskap er avklarte forventningar, felles avgjerds- og vurderingsgrunnlag og sameint informasjonsarbeid. Dette krev samordna planverk på tvers av sektorane og nivåa.² Dei spesielle utfordringane knytte til ei uønskt hending med eit reaktordrive fartøy på Haakonsvern krev at dei viktige aktørane har førebudd samordna planar. I lys av dette har Fylkesmannen i Hordaland teke initiativ til ein koordineringsprosess med dei regionale og lokale aktørane i atomberedskapen.³ Planen skal sikre einsarta handtering i samsvar med førehandsplanlagde tiltak. Arbeidet med planen har dessutan bidrege til å avklare gjeldande prinsipp, ansvar og roller i atomberedskapen, samt kva for forventningar dei ulike aktørane har til kvarandre.

Boks 1: Avgrensing av planen

Dette dokumentet er ein **strategisk plan** som mellom anna skildrar roller, ansvar og samordning. Den operative og taktiske handteringa på skadestaden inngår ikkje i denne planen. Operativ og taktisk samordning og iverksetjing av tiltak må ivareta og planleggast særskilt av naudetatane i samarbeid med objekteigar og andre med eit operativt ansvar.

Konkret tek planen føre seg overordna rutinar og føringar for anløp av reaktordrivne fartøy til Haakonsvern orlogsstasjon og handtering av eventuelle uønskte hendingar i samband med slike anløp. Planen er utarbeidd av Fylkesmannen i Hordaland (FMHO), med innspel frå i hovudsak Statens strålevern (NRPA), Haakonsvern orlogsstasjon (HOS), Vest politidistrikt (VPD) og Hordaland sivilforsvarsdistrikt (HSFD). Hovudfokuset i planen ligg på initialfasen av

¹ Dette inkluderer likevel representantar frå Utanriksdepartementet og Forsvarsstaben.

² StrålevernRapport 2012:5 – *Roller, ansvar, krisehandtering og utfordringer i norsk atomberedskap*.

³ Det er Fylkesmannen si oppgåve å samordne samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i fylket, i tillegg til å vere ein pådrivar og rettleiar i dette arbeidet, jamfør instruks 19.06.2015 for fylkesmannens og Sysselmannen på Svalbards arbeid med samfunnssikkerhet, beredskap og krisehandtering.

ei uønskt hending. Alle aktørar med ei rolle i handteringa av ei uønskt hending på dette området skal leggje dette dokumentet til grunn i vidare arbeid med eigne planar.

Del 1 – Beredskap for uønskt hending med reaktordrive fartøy

Scenarioet med ei atomulykke i samband med besøk av reaktordrive fartøy til Haakonssvern orlogsstasjon vil gje ei rekkje utfordringar for samfunnet og beredskapsaktørane. Dette skuldast blant anna at hendinga kan gje konsekvensar med det same og såleis lite tid til å setje i verk tiltak. Ved anløp set HOS difor i verk fleire risikoreduserande tiltak. Mellom anna vert fartøya følgde av taubåt og har militær eskorte gjennom heile innseglinga.

Boks 2: Risikovurdering

«Det er usannsynleg at det skal skje ei atomulykke i samband med besøk av reaktordrive fartøy til Haakonssvern orlogsstasjon. Om slike hendingar likevel skulle skje, kan konsekvensane verte alvorlege.»

FylkesROS Hordaland 2015

Utslepp frå eit reaktordrive fartøy har ifølgje berekningar frå Statens strålevern potensiale til å nå dei fleste stader i Hordaland innan 8–10 timar, tilsvarande tida det kan ta før eventuell akutt radioaktiv forureining frå Sellafield når fram til kysten av Vestlandet.⁴ Det er stipulert at ei eksplosjonsulykke kan føre til utslepp som svarer til om lag fem–ti prosent av den mengda av radioaktivt materiale som vert spreidd ved ei alvorleg ulykke med eksplosjon i eit atomkraftverk.⁵

Haakonssvern orlogsstasjon ligg i eit område med relativt høg folketettleik. Ei uønskt hending med eit reaktordrive fartøy vil difor raskt utgjere ei potensiell fare for mange menneske. Sjølv om den direkte strålinga frå fartøyet kan vere farleg høg på kaiområdet, vert strålingsintensiteten i stor grad lågare jo lengre bort frå reaktoren ein kjem.⁶ Såleis vil den direkte strålinga i praksis ikkje vere eit problem for områda rundt sjølve basen. Den største potensielle faren for befolkninga i Hordaland er difor utslepp til lufta av radioaktive partiklar som vert spreidde med vêr og vind.

Ein må vere budd på at nokre av beredskapsaktørane som har ei rolle i den strategiske handteringa ikkje er tilgjengelege når hendinga skjer, eller ikkje vert nådd med det same. Dette gjeld særleg dersom hendinga finn stad utanom normal kontortid. Naudetatane er i døgnberedskap, men andre etatar, verksemder og kommunar vil måtte bruke noko tid på å etablere respektive beredskapsorganisasjonar. Fleire av aktørane har vakttelefonar og kontaktpunkt for bruk i beredskapstilfelle, men dei vil truleg ikkje vere i stand til å handtere

⁴ Jamfør føredrag av Statens strålevern på FMHOS beredskapssamling på Voss 11.06.2014.

⁵ FylkesROS Hordaland 2009; Strålevernrapport 2008:11 Atomtrusler.

⁶ Jamfør føredrag 2. juni 2015 i Bergen av dr. med. Helge Opdahl ved CBRNe-senteret, Oslo universitetssjukehus, HF Ullevål.

eigne oppgåver fullt ut før beredskapsorganisasjonen er etablert, jamfør boks 3. Media og andre vil ha stort behov for informasjon, noko som truleg vil gje stort press på vakttelefonar med kjende telefonnummer. Nokre av aktørane kan såleis verte vanskeleg å få kontakt med.


Politiet sitt regionale samordningsansvar gjeld inntil atomberedskapsorganisasjonen sentralt og regionalt er på plass og overføring av samordningsansvaret frå politiet til Fylkesmannen er avklart.⁷

Boks 3: Tidsramme for etablering av viktige funksjonar etter varsel om hending

- Kriseutvalet for atomberedskap (KU) skal vere etablert innan to timar.
- Statens strålevern har døgnbemanna vakttelefon. Vakthavande skal vere på plass i Statens strålevern innan ein time. Vakthavande kallar inn nøkkelpersonell etter behov.
- Atomberedskapsutvalet i Hordaland (ABU-H) skal normalt kunne vere etablert i løpet av 12–24 timar.
- Fylkesmannen har vakttelefon, medan den regionale samordningsfunksjonen normalt skal vere etablert innan 12–24 timar.
- Vest politidistrikt (VPD) /112-sentralen har døgnbemanna operasjonssentral.
- Haakonssvern orlogsstasjon har døgnbemanna operasjonssentral.
- Bergen kommune har døgnbemanna vaktentral.
- Hordaland sivilforsvarsdistrikt har døgnbemanna vakttelefon. Radiac-målepatruljar kan vere operative på alle målestader i Hordaland innan 1-4 timar.
- 110- og 113-sentralane har døgnbemanna operasjonssentralar.
- Mattilsynet sin nasjonale beredskapsvakt er døgnbemanna.
- Det er ikkje nasjonale krav til kommunane si responstid i beredskapssituasjonar. Alle kommunane i Hordaland har beredskapse-post som normalt vert vidaresendt til telefon.
- Hordaland fylkeskommune har beredskapstelefon som er døgnbemanna, og har beredskapse-post som vert vidaresendt til telefon.

Figur 1 på neste side gjev ei forenkla skisse over dei viktigaste aktørane ved ei atomhending med eit reaktordrive fartøy i Hordaland.

⁷ Jamfør avtale om regional samordning i Hordaland ved kriser og katastrofar i fred, januar 2003.



Figur 1: Forenkla kart over viktige aktører ved ei uønskt hending med reaktordrive fartøy på Haakonsværn orlogsstasjon. Medlemar av KU er merkte i gult

Normalt kjenner vi ikkje nøyaktige spesifikasjonar for reaktordrivne fartøy, til dømes storleiken på reaktoren. I tillegg høyrer fartøyet til ein utanlandsk flaggstat, og står ikkje under kommando av norske styresmakter. Vi veit difor lite om korleis skipssjefen vil agere ved ei eventuell uønskt hending.

Det vil venteleg vere sær store utfordringar knytt til å hente inn og formidle informasjon, samt å etablere ei felles situasjonsforståing. For at KU og sentrale myndigheiter skal vere i stand til å fatte dei rette avgjerdene på sentralt nivå, treng dei samordna rapporteringar frå lokalt og regionalt nivå etter kvart som situasjonen utviklar seg.

Det er generelt lite allmenkunnskap om radioaktivitet i samfunnet. Dette vil gjere både handteringa av hendinga og kommunikasjonen med befolkning og media utfordrande. Frykta for radioaktivitet og kjennskap til at det har skjedd ei uønskt hending med ein «atomubåt» vil venteleg føre til uro, og kan utløyse panikk og føre til irrasjonelle handlingar frå delar av

befolkninga. Dette kan gje følgjekonsekvensar som til dømes trafikkuhell, kaos og køar. Hendinga vil også utløyse eit enormt mediepress, både nasjonalt og internasjonalt.

I eit meir langsiktig perspektiv vil truleg ei slik hending påverke viktige norske næringsinteresser, slik som fiskeeksport, landbruk og turisme.

Del 2 – Varslingsrutinar

Denne delen av planen omfattar rutinar for varsling. Vi knyter rutinane til ulike beredskapsnivå (jamfør boks 4). Normalsituasjonen (nivå 0) inneber at det ikkje er noko reaktordrive fartøy til stades lokalt.

Boks 4: Beredskapsnivå

Nivå 1: Anløp av reaktordrive fartøy (jf. rutine 1)

Nivå 2: Uønskt hending med reaktordrive fartøy (jf. rutine 2)

Nivå 3: Uønskt hending med fare for radioaktivt utslepp (jf. rutine 3)

Nivå 4: Påvist utslepp av radioaktivt materiale (jf. rutine 4)

Vi gjer merksam på at KU nå opererer med tre beredskapsnivå for atomhendingar som ikkje heilt harmonerer med denne planens beredskapsnivå:⁸

- **KU Nivå 0:** Sannsynet for og omfanget av konsekvensane ved ei hending er minimale eller ingen. Hendingane eller moglege hendingar er av låg alvorlegheitsgrad og mindre omfang. Desse vil handsamast og følges opp av Statens strålevern som fagmynde gjennom deira respektive fagseksjonar og som sekretariat for KU.

Dette nivået samsvarer i stor grad med denne planens nivå 2 – gult.

- **KU Nivå 1:** Sannsynet er stor for at hendinga kan resultere i konsekvensar av eit større omfang eller ein større alvorlegheitsgrad. Situasjonen er uføreseieleg. Det er behov for å auke ressursbruken.

Dette nivået samsvarer i stor grad med denne planens nivå 3 – oransje.

- **KU Nivå 2:** Sannsynet er stor for at hendinga kan resultere i konsekvensar av eit større omfang eller ein større alvorlegheitsgrad. Eventuelt er det allereie kjent at hendinga får konsekvensar for liv, miljø, helse eller andre viktige samfunnsinteresser.

Dette nivået samsvarer i stor grad med denne planens nivå 4 – raudt.

⁸ Jf. e-post frå Statens strålevern til FMHO av 20.09.2016

Rutine 1: Varsel om anløp av reaktordrive fartøy (nivå 1)

Dette er ein standard rutine for anløp av reaktordrive fartøy. Rutinen skal følgjast ved kvart anløp til Haakonsvern, eller dersom det reaktordrive fartøyet har korte stopp i nære farvatn. Haakonsvern orlogsstasjon skal alltid varsle om denne type anløp og kor lenge fartøyet vert liggande. Rutinen skal også følgjast ved akutte anløp, sjølv om ein ikkje vil kunne gje varsle tre arbeidsdagar i forkant.

Rutine 1: Varsel om anløp av reaktordrive fartøy			
Handling	Ansvarleg	Mottakarar	Tidsfrist
Varsle om anløp av reaktordrive fartøy	Haakonsvern orlogsstasjon	E-post til beredskapsadresse: <ul style="list-style-type: none">Vest politidistrikt110-sentralen i HordalandFylkesmannen i Hordaland	Tre arbeidsdagar før anløp
Vidarevarsle om anløp	FMHO	SMS/E-post: <ul style="list-style-type: none">Hordaland sivilforsvarsdistriktKommunar i innseglingaBergen brannvesenSotra Brannvern IKS (dekker kommunane Fjell og Sund)Askøy Brann og RedningAustevoll brann- og redningstenesteOs brann- og redningsvesen	Snarast råd

Oppfølging når varsel om anløp av reaktordrive fartøy er sendt ut

Når varselet er sendt ut, skal alle varslingsmottakarar

- klargjere eigne planar og rutinar for uønskte hendingar med reaktordrive fartøy
- heve aktsemda i perioden fartøyet er under inn-/ utsegling og ligg til kai

Rutine 2: Varsel om uønskt hending med reaktordrive fartøy (nivå 2)

Dette er eit varsel til beredskapsaktørane om ei uønskt hending som involverer eit reaktordrive fartøy, utan auka fare for radioaktivt utslepp. Det kan til dømes vere tale om ei mindre sjøredningshending, som ikkje påverkar driftstilstanden til reaktoren, og kor fartøyet er under kontroll. Førehandsdefinerte tiltak skal normalt ikkje setjast i verk på dette stadiet. Føremålet med varselet er at mottakarane så tidleg som mogleg skal kunne etablere informasjonsberedskap og førebu eigen beredskapsorganisasjon.

Rutine 2: Varsel om uønskt hending med reaktordrive fartøy

Handling	Ansvarleg	Mottakarar	Tidsfrist
Varsle om uønskt hending med reaktordrive fartøy	Haakonsvern orlogsstasjon	Telefon og e-post til beredskapsadresse: <ul style="list-style-type: none">• 112 (politiet)• 67 16 26 00 (Statens strålevern)• 916 99 098 (FMHO, beredskap)	Snarast råd
Avklare samordning	FMHO og VPD	Telefon: <ul style="list-style-type: none">• FMHO ↔ VPD	Snarast råd
Vidarevarsle statlege og kommunale aktørar	FMHO og / eller VPD	Telefon og e-post til beredskapsadresse: <ul style="list-style-type: none">• 488 89 300 (Hordaland sivilforsvarsdistrikt) E-post til beredskapsadresse: <ul style="list-style-type: none">• Kommunane i Hordaland• Hordaland fylkeskommune• Mattilsynet• Kystverket	Snarast råd

Oppfølging når varsel om uønskt hending med reaktordrive fartøy er sendt ut

Når varselet er sendt ut, skal alle varslingsmottakarar

- etablere informasjonsberedskap
- vurdere å etablere eigen kriseorganisasjon
- overvake situasjonen
- førebu å sette i verk rapportering

Haakonsvern orlogsstasjon må halde politiet, Statens strålevern og Fylkesmannen orientert om utviklinga i hendinga. Når situasjonen vert avklart må Haakonsvern orlogsstasjon snarast varsle om dette.

Rutine 3: Varsel om uønskt hending med fare for radioaktivt utslepp (nivå 3)

Dette er eit varsel til beredskapsaktørane om ei uønskt hending med reaktordrive fartøy, som kan gje auka fare for radioaktivt utslepp. Føremålet med varselet er at mottakarane skal etablere eigen beredskapsorganisasjon og førebu å sette i verk førehandsdefinerte tiltak etter nærare ordre.

Rutine 3: Varsel om uønskt hending med fare for radioaktivt utslepp			
Handling	Ansvarleg	Mottakarar	Tidsfrist
Varsle om uønskt hending med reaktordrive fartøy	Haakonsvern orlogsstasjon	Telefon og e-post til beredskapsadresse: <ul style="list-style-type: none"> • 112 (politiet) • 67 16 26 00 (Statens strålevern) • 916 99 098 (FMHO, beredskap) 	Snarast råd
Avklare samordning	FMHO og VPD	Telefon: <ul style="list-style-type: none"> • FMHO ↔ VPD 	Snarast råd
Vidarevarsle statlege og kommunale aktørar	FMHO og / eller VPD	Telefon og e-post til beredskapsadresse: <ul style="list-style-type: none"> • 488 89 300 (Hordaland sivilforsvarsdistrikt) E-post til beredskapsadresse: <ul style="list-style-type: none"> • Kommunane i Hordaland • Hordaland fylkeskommune • Mattilsynet • Kystverket 	Snarast råd

Oppfølging når varsel om uønskt hending med fare for radioaktivt utslepp er sendt ut

Når varselet er sendt ut, skal alle varslingsmottakarar

- etablere informasjonsberedskap
- etablere eigen kriseorganisasjon
- førebu iverksetting av førehandsdefinerte tiltak
- eventuelt sette i verk førehandsdefinerte tiltak etter ordre frå KU, NRPA eller VPD
- overvake situasjonen
- sette i verk rapportering

Haakonsvern orlogsstasjon må halde politiet, Statens strålevern og Fylkesmannen orientert om utviklinga i hendinga. Når situasjonen vert avklart og det ikkje er fare for radioaktivt utslepp, må Haakonsvern orlogsstasjon snarast varsle om dette.

Rutine 4: Varsel om påvist utslepp av radioaktivt materiale (nivå 4)

Dette er eit varsel dersom ei uønskt hending med reaktordrive fartøy har gjeve målbare utslepp av radioaktivt materiale.

Normalt vil Haakonsvern orlogsstasjon registrere utslepp, anten via varsel frå fartøyet eller alarm frå stasjon som målar radioaktivitet. Dersom det skulle vere Statens strålevern som først registrerer utslepp, må dei utan ugrunna opphald kontakte Haakonsvern orlogsstasjon for avklaring eller for å setje i verk varsling regionalt og lokalt.

Rutine 4: Varsel om påvist utslepp av radioaktivt materiale

Handling	Ansvarleg	Mottakarar	Tidsfrist
Varsle om utslepp av radioaktivt materiale	Haakonsvern orlogsstasjon	Telefon og e-post til beredskapsadresse: <ul style="list-style-type: none">• 112 (politiet)• 67 16 26 00 (Statens strålevern)• 916 99 098 (FMHO, beredskap)	Snarast råd
Avklare samordning	FMHO og VPD	Telefon: FMHO ↔ VPD	Snarast råd
Vidarevarsle statlege og kommunale aktørar	FMHO og / eller VPD	Telefon og e-post til beredskapsadresse: <ul style="list-style-type: none">• 488 89 300 (Hordaland sivilforsvarsdistrikt) E-post til beredskapsadresse: <ul style="list-style-type: none">• Kommunane i Hordaland• Hordaland fylkeskommune• Mattilsynet• Kystverket	Snarast råd

Oppfølging når varsel om påvist utslepp av radioaktivt materiale er sendt ut

Når varselet er sendt ut, skal alle varslingsmottakarar

- etablere eigen kriseorganisasjon
- etablere informasjonsberedskap
- førebu iverksetting av førehandsdefinerte tiltak
- sette i verk førehandsdefinerte tiltak etter ordre frå KU, NRPA eller VPD
- overvake situasjonen
- sette i verk rapportering

Haakonsvern orlogsstasjon må halde politiet, Statens strålevern og Fylkesmannen orientert om utviklinga i hendinga.

Del 3 – Førehandsdefinerte tiltak

Aktørane skal ta utgangspunkt i dei førehandsdefinerte konsekvensreducerande tiltaka som gjeld ved atomhendingsar.⁹ Kriseutvalet for atomberedskap (KU) er gjennom kongeleg resolusjon delegert mynde til å avgjere å setje i verk førehandsdefinerte konsekvensreducerande tiltak.¹⁰ Samstundes er Statens strålevern gjeve mynde til å avgjere å

⁹ Kgl. res. 23. august 2013 Atomberedskap – sentral og regional organisering.

¹⁰ Ibid. (s. 16).

setje i verk tiltak inntil KU er samla. Fylkesmannen skal vidareformidle tiltaka og samordne og koordinere arbeidet regionalt.

Politiet kan bruke sine fullmakter til å setje i verk naudsynte strakstiltak for å beskytte befolkninga i ein akutt situasjon.¹¹ Aktuelle tiltak i ein slik situasjon kan vere å evakuere eller forby opphald i eit område, be folk halde seg inne eller setje i gang redningsinnsats. Dette er tiltak som politiet sin innsatsleiar kan setje i verk åleine eller i samråd med politiets operasjonssentral og andre naudetatar som er på staden. Politiet skal i ein slik situasjon straks kontakte Statens strålevern for støtte og råd. Kva for tiltak som vil verte sett i verk, er avhengig av ei konkret vurdering av utviklinga og potensialet i situasjonen

Boks 5: Mest relevante tiltak i ein tidleg fase

Denne planen legg til grunn at dei mest relevante førehandsdefinerte tiltaka i ein tidleg fase vil vere å

- gje inneråd
- påleggje sikring av område som kan verte eller er sterkt forureina
- påleggje eller gje råd om reinsing av forureina personar

Plikt til å følgje førehandsdefinerte tiltak og samordna planverk

Statlege og kommunale verksemder er i akuttfasen av ei hending pålagd å følgje dei førehandsdefinerte tiltaka som vert satt i verk, utan hinder av anna lovgjeving, samt å gjennomføre analyser og innhente opplysningar for vurdering av situasjonen. Alle verksemder med oppgåver innan atomberedskap er vidare pliktig å følgje samordna planverk (førehandsdefinerte konsekvensreducerande tiltak mv.)¹²

¹¹ Politilova §§ 2.7 og 27.

¹² Strålevernlova § 16

Avgjerd om å setje i verk førehandsdefinerte tiltak og gjennomføring av førehandsdefinerte tiltak		
Avgjerd om iverksetting	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Avgjerd om iverksetting skal normalt kome frå KU ➤ NRPA kan avgjere tiltak inntil KU er samla ➤ VPD kan setje i verk tiltak med heimel i politilova ➤ Regionalt vert tiltaka normalt formidla via FMHO 	
Handling	Ansvar for å <u>gjennomføre</u> tiltak:	Merknader
<u>Gje råd om</u> innandørs opphald (inneråd)	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunane er ansvarlege for å gje inneråd for områda dette gjeld når dette er avgjort av ansvarleg myndigheit 	VPD/FMHO kontaktar NRPA for prognose for vidare spreiring av radioaktivt materiale. Inneråd må tilpassast desse prognosane.
<u>Påleggje</u> sikring av område som kan verte eller er sterkt forureina	<ul style="list-style-type: none"> • VPD i samråd med HOS og naudetatane, med eventuell støtte frå HSFd for gjennomføring. 	
<u>Påleggje / gje råd om</u> reinsing av forureina personar	<ul style="list-style-type: none"> • HOS set opp eigen reinsestasjon på basen • Kommunalt brannvesen har ansvar for å reinse personar på skadestad utanfor militært område, eventuelt med støtte frå Sivilforsvaret. • Helsetenesta har ansvar for å reinse forureina personar som eventuelt kjem direkte til sjukehus. 	
<u>Påleggje</u> akutt evakuering av lokalsamfunn	<ul style="list-style-type: none"> • Vert eventuelt gjennomført av VPD, i samarbeid med kommunar og fylkeskommunen. 	I utgangspunktet ikkje hensiktsmessig. Direkte stråling frå fartøyet vil truleg ikkje vere nær nok til å utgjere stor fare for innbyggjarane så lenge dei held seg innandørs.
<u>Gje råd om</u> bruk av jodtablettar		Tiltaket sin relevans er førebels uavklara frå nasjonale myndigheiter.
<u>Gje råd om</u> kosthald	<ul style="list-style-type: none"> • Mattilsynet og helsemyndigheiter gjev gjennom KU råd og rettleiing til innbyggjarar og kommunar. 	
<u>Påleggje</u> kortsiktige tiltak i produksjon av næringsmiddel	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunar og næringsdrivande i samråd med Mattilsynet. 	
<u>Påleggje / gje råd om</u> andre konsekvens-reducerande tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Avhengig av situasjon. 	Tiltaka kan mellom anna vere reinsing og spyling av objekt og område.

Del 4 – Rapportering og informasjonsdeling mellom beredskapsaktørane

Fylkesmannen skal formidle relevant informasjon som kan ha konsekvensar for avgjerder og tiltak frå sentralt hald til NRPA/KU. I tillegg til at dei einstilte etatane rapporterer i eiga linje, må det rapporterast samla frå regionalt nivå til NRPA/KU (fagkanal) og DSB (samordningskanal).¹³ Fylkesmannen må difor innhente informasjon frå alle relevante regionale og lokale aktørar og rapportere til NRPA/KU. VPD må vareta denne rapporteringa fram til overføring av samordningsansvaret frå politiet til Fylkesmannen er avklart.

- VPD hentar inn informasjon og rapporterer undervegs til nasjonalt nivå ved NRPA/KU fram til FMHO tek over rapportering.
- Kopi av rapportar sendast til FMHO.
- VPD kontaktar FMHO for å avklare arbeidsdeling og kva tid FMHO skal ta over rapportering til NRPA/KU, koordinering gjennom ABU-H, dialog med kommunar og andre aktørar.

Sjå vedlegg 4 for mal for situasjonsrapport i offentleg sektor.

Del 5 – Varsling og informasjon til befolkning og media

Kommunane har ansvar for å varsle eigne innbyggjarar.¹⁴ Media vil elles vere ein svært viktig kanal for å varsle og informere innbyggjarane om hendinga. Det å informere sameint gjennom media så raskt som mogleg er difor avgjerande for god handtering. Sameinte råd til befolkninga er viktige for å få oppslutning om inneråd og andre tiltak som reduserer konsekvensane av hendinga. At dei ulike aktørane gjev samordna bodskap kan førebygge tvil om autoriteten til dei faglege råda og bidra til at flest mogleg følgjer dei. Praktisk og forståeleg informasjon om kva ein som innbyggjar skal gjere er vesentleg for å oppnå ønskt effekt av tiltaka (sjå vedlegg 2 for døme på informasjon).

Eit scenario som dette vil utløyse eit enormt mediepress, både nasjonalt og internasjonalt. Det er også mogleg at informasjon om ei uønskt hending med eit reaktordrive fartøy kan verte offentleg kjend før myndighetene sjølv har kome ut med informasjon til befolkninga. Hendinga vil i ei tidleg fase vere prega av usikkerheit og føre til stort informasjonsbehov. Det er difor avgjerande å vere raskt ute med offisiell informasjon.

Prinsippa frå den statlege kommunikasjonspolitikken gjeld også i kriser. Staten må mellom anna kommunisere aktivt, ope og tydeleg med innbyggjarane, sikre at relevant informasjon når fram til alle det gjeld og kommunisere på ein heilskapleg og samordna måte.¹⁵

Følgjande må leggjast til grunn i arbeidet med informasjon til media og befolkning:

- Kriseutvalets kommunikasjonsplan for scenario 2 (sjå vedlegg 3) skal leggjast til grunn for all kommunikasjon med media og presse.

¹³ Retningslinjer for varsling og rapportering på samordningskanal, DSB 2009.

¹⁴ Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4d.

¹⁵ [DSB: Veileder i risiko- og krisekommunikasjon](#) (2014).

- Alle verksemdar kan uttale seg om eige ansvar og gjennomføring av tiltak, men det er viktig at informasjon til befolkninga og media er samordna.
- NRPA/KU varetek det samla informasjonsansvaret på nasjonalt nivå.
- VPD varetek samla informasjonsansvaret om handtering av hendinga på regionalt/lokalt nivå fram til FMHO tek over dette ansvaret.
- Samordna informasjon vil krevje intern koordinering med alle ledd i beredskapsorganisasjonen slik at ein står fram med eit einsarta budskap.
- VPD og FMHO kan begge setje i verk nærradioavtalen for å informere befolkninga.¹⁶
- VPD må vurdere å utløyse tyfonvarsling «viktig melding – lytt på radio» innanfor relevant radius av ulykkesstaden, jf. òg punkt om nærradioavtalen.¹⁷

Sjå vedlegg 2 for førebudd informasjon til media på norsk og engelsk.

Del 6 – Oversyn over vedlegg

Vedlegg 1: Kontakt- og varslingsliste [ikkje offentleg]

Vedlegg 2: Informasjon til media og befolkning

Vedlegg 3: Kriseutvalets kommunikasjonsplan – scenario 2 (18.08.2014)

Vedlegg 4: Mal for situasjonsrapport i offentleg sektor

Vedlegg 5: Litteraturliste

¹⁶ Avtale om samarbeid om lokalradiostasjonens virksamhet under kriser og katastrofer, 22. juni 2012.

¹⁷ Sivilforsvaret forvaltar og vedlikeheld anlegga. Det er totalt 60 varslingsanlegg i Bergen, der 6-8 er innanfor relevant radius i området Bergen vest.

Statens hus
Fylkesmannen i Hordaland, KSA/PBS/FGB

Besøksadresse
Kaigaten 9, 5020 BERGEN

Postadresse
Postboks 7310, 5020 BERGEN

Telefon: 55 57 20 00
Telefaks: 55 57 28 52

E-post
postmottak@fylkesmannen.no

Internett
www.fylkesmannen.no/hordaland